


God og velskreven lærebok om seksuelt overførbare infeksjonar



Harald Moi, Jon Martin Maltau
Seksuelt overførbare infeksjoner og genitale hudsykdommer
 3. utg. 287 s, tab, ill. Oslo: Gyldendal Akademisk, 2013. Pris NOK 425
 ISBN 978-82-05-44792-9

Forfattarane skriv i føreordet til første utgåve, som kom ut i 2002, at målet er å gje ein kortfatta omtale av dei mest vanlege genitale infeksjonstilstandane, seksuelt overførbare infeksjonar og hud- og slimhinnelstadar i genitalområdet. Boka har komme i ny utgåve fordi dei to føregåande er utselde, andre utgåve kom i 2008. I føreordet til den tredje utgåva kommenterer forfattarane at det etter fem år er behov for ei fagleg oppdatering, ikkje minst med tanke på behandling. Eit par nye emne er også lagt til sidan førre utgåve. Målgruppa er medisinstudentar og lækjarar som arbeider i allmennpraksis. Boka er først og fremst ei lærebok, men er også meint som ein praktisk rettleiar og skal kunne nyttast som ei oppslagsbok i klinisk praksis.


Boka er delt inn i ein første del der lesaren får informasjon om gjeldande lover og regelverk, kliniske tips, kontordiagnostikk, mikrobiologiske agens, aktuelle prøvar, prøveutstyr og mikroskopi. Deretter følger ein systematisk gjennomgang av dei ulike sjukdomane med diagnostikk og behandling. Forfattarane gjev også råd om kva tilstandar som kan behandlast i allmennpraksis og når pasienten bør visast til spesialist. Siste del omhandlar aktuelle hudplager og -sjukdommar i genitalområdet.

Boka er oversiktleg og lett å lese. Ho eignar seg godt som lærebok for medisinstudentar, men bør også vere obligatorisk å ha på kontoret som oppslagsverk for lækjarar i allmennpraksis og på helsestasjonar for ungdom. Seksuelt overførbare infeksjonar og genitale plager er så utbreidde at alle allmennpraktiserande lækjarar vil ha behov for oppdatert kunnskap om dei. Hudplager i anogenitalområdet er også relativt vanlege og ikkje så mykje omtala andre stader. Andre spesialistar som gynekologar, urologar og infeksjonsmedisinrar vil også kunne ha god nytte av boka. For lækjarar i spesialisering og spesialistar i hud- og veneriske sjukdommar vil denne boka vere litt lite utfyllande, men forfattarane har heller ikkje desse som målgruppe.

Eg tilrår boka som lærebok for medisinstudentar og oppslagsverk for lækjarar i allmennpraksis og eventuelle andre kollegar som kjem bort i denne typen problemstillingar. Tredje utgåve er bygd over same lest som dei to føregåande, men informasjonen er oppdatert, og det er lagt inn ein del nytt stoff. Det er viktig å huse på at tilrådd behandling kan endre seg fort, og ein må ikkje stole blindt på det som står i dei gamle utgåvene. Det er gode grunnar for å oppgradere med den nyaste utgåva.

Turid Thune
 Seksjonsoverlege, Poliklinikk for seksuelt overførbare infeksjonar
 Haukeland universitetssjukehus

Mest om «seksualitetens sorger»



Thore Langfeldt
Seksualitetens gleder og sorger
 Identiteter og uttrykksformer. 159 s.
 Bergen: Fagbokforlaget, 2013. Pris NOK 349
 ISBN 978-82-450-1366-5

Det er ikke så lett å si hvem denne boken er skrevet for: Innholdet vil være nyttig spesielt for dem som arbeider med overgripere, men formen innbyr til en langt videre leserkrets ved at Langfeldt skriver i et lettfattelig språk ut fra sin egen erfaring som terapeut.

Tittelen er vid, og boken kunne nok vært tjent med å presentere seg med en mer spesifikk beskrivelse av innholdet, som i hovedsak dreier seg om «seksualitetens sorger» og om mer problematiske uttrykksformer.

Det er en liten bok som omhandler mye. Den er bygd opp av 28 kapitler, de fleste svært korte.

Den første delen av boken er den lyseste og omfatter erotikk og seksualitet, den seksuelle frigjøringen, seksuell utvikling og forelskelse og kjærlighet. Langfeldt er opptatt av at mye av samtalene omkring seksualitet er basert på en forståelse av at seksualitet er legitimert som reproduksjon, og at seksualitet som *ikke* har stått i reproduksjonens tjeneste, er blitt sykliggjort. Det har ført til at viktige deler av seksuell utvikling, som handler om følelsesforvaltning, tilknytning og kommunikasjon, er blitt overlatt til tilfeldighetene.

Den siste og mest omfattende delen handler om overgrep, om problematiske seksuelle tenningsmønstre og om hvordan disse utvikles. Dette kan være interessant lesning for mange, både fagfolk og legfolk, ikke minst, kanskje, for dem som er aller mest personlig berørt av en problematisk seksualitet eller en problematisk identitet.

Langfeldt er en av dem i Norge som har mest erfaring med å arbeide med seksuelle overgripere, og han har et hjertebarn: Maskuline homoseksuelle menn kan ha større utfordringer med å erkjenne sin homoseksualitet, og dermed komme til å undertrykke sine seksuelle følelser, slik at de tvinger seg frem gjennom overgrep overfor unge gutter, dels fordi det ligger en grad av identifikasjon med dem, dels fordi det ikke er like krevende som en likeverdig seksuell relasjon. I vårt samfunn er det vanskelig å utvikle en homofil identitet. Langfeldt mener at det er viktig å støtte unge homoseksuelle i forhold til en homoseksuell identitet for å unngå utvikling av seksuelle overgripere.

Langfeldt skriver om viktige ting, og formen bidrar til at det er lettere å ta det til seg. Det kan være godt å ta en liten munnfull og så ta en pause. For dem som måtte være interessert i å gå dypere inn i stoffet, er det rikelig faglitteratur. Det meste er på engelsk, så det er prisverdig at det har kommet en slik liten bok som kan være det første steget inn i en meget problematisk verden.

Elsa Almås
 Professor i sexologi, Universitetet i Agder